

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** onsdag 21. november 2018 13:55  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Miljøfagleg kommentar - Radøy - Gnr 48 Bnr 3 - Bygging av landbruksveg - Turveg Solend - Anja Broch

Vi viser til aktuell søknad om landbruksveg der det blir søkt om ei utviding av noverande sti til 1-1,5 meters bredde. Vegen går gjennom eit område som er registrert som edellaugskog i Naturbase. Lokaliteten er ikkje spesielt artsrik, men blir likevel vurdert som viktig (B) pga. storleik og potensiale for kravfulle artar knytt til eldre tre.

Ei enkel utviding av eksisterende sti vil truleg ikkje få avgjerande verknad på verdiane i reservatet. Det er imidlertid uklart korleis desse inngrepa skal gjennomførast.

Sidan terrenget her er relativt bratt kan ein sjå føre seg at etablering av ein veg vil kunne medføre omfattande fyllingsfötter/skjeringar. Om dette er tilfellet vil påverknaden på vegetasjonen vere uheldig. Bruk av tilkøyrde massar vil og kunne føre til spreiing av framande artar inn i edellauvskogen, noko som vil vere svært uheldig.

For å kunne vurdere tiltaket på ein god måte treng vi dermed meir informasjon om korleis tiltaket er tenkt gjennomført.

Uansett korleis dette skal gjennomførast vil det vere viktig å ta omsyn til store/gamle enkelttre i området. Særlig store eiketre bør få stå, og det bør ikkje gjennomførast arbeid i rotsona til desse.

Med venleg helsing

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
miljøvern- og klimaavdelinga  
tlf: 55 57 23 27